

ÅRSMELDING

2024-2025

Førde IL
Langrennsgruppa



Førde IL Langrenn stilte fulltallig lag for skikrinsen ved Kong Haralds Ungdomsstafett i mars 2024

Innhald

Organisasjon	3
Informasjon	4
Trening	5
Sportslege tiltak	8
Arrangement	9
Prosjektet «Bli med»	12
Medlemmar	13
Resultat	14
Representasjon	21
Bekledning	22
Kioskdrift	23
Økonomi	23
Oppsummering	25

Organisasjon

Styret frå mars 2024 – mars 2025

Anders Bjørkhaug	Leiar
Bjørnar Ring Karlsen	Nestleiar og økonomioversikt
Monica Otternes	Arrangement/ dugnad
Robert Frøysland	Sportsleg ansvarleg
Mariann A. Husa	Miljøansvarleg
Jarle Reinsnos	Premie og seremoni
Tonje Bjørset	Kafè og kjøkken
Thor Jørgen Spurkeland	Vararepresentant

Valnemnd

Mari Furnes
Yngve Thorsen

Bilete frå KM Langeland 2023

Sportsleg utval

Robert Frøysland
Yngve Thorsen
Asgeir Årdal

Kjøkken-/ kioskgruppe

Tonje Bjørset

Andre funksjonar

Asgeir Tveit	Økonomi- og systemansvarleg
Anders Bjørkhaug	Laglege 1
Mariann A. Husa	Laglege 2

Styret 2024-2025

Styret har i perioden avvikla 6 styremøter, i tillegg har styret initiert utøvar/trenarmøte haust 2023. Styret har også vore representert på Sogn og Fjordane Skikrins sine vår- og haustmøter.

Styret arbeider etter prinsippet om at kvart einskild styremedlem er knytt til ein eller fleire funksjonar eller ansvarsområde – oppgåvebasert arbeidsfordeling. Bakgrunnen for dette er målet om å drifte gruppa effektivt, samtidig som ein gjer arbeidet i styret interessant og oversiktleg.

Til tross for ei god arbeidsdeling har styret knytt til seg ekstra ressursar og kjøpt av tenester knytt til handsaming av økonomi og ulike administrasjonssystem:

- *KlubbAdmin, Sportsadmin, Samordna rapportering, Ajourhald av medlemsregister, Fakturering og Rekneskapsføring.*

Informasjon

Nettsidene og sosiale medier (Facebook og Instagram) for langrennsgruppa er våre viktigaste informasjonskanal til medlemmane.

Facebook sider er mykje brukt, og ein ser tydeleg at denne kanalen ivaretek informasjonsbehovet i langrennsgruppa på ein god måte. Til dømes vert denne kanalen brukt i utstrakt grad i høve til løpande aktivitetar i samband med trening og arrangement. Opprinneleg FB gruppe var uoversiktleg i høve til medlemmer med tilgang til informasjon ment for luka gruper (t.d. bilder m.m.). Ein beslutta derfor avvikle denne gruppa med nær 1000 medlemmer, og opprette ei ny gruppe. Samstundes vart det opna ei Facebook side for åpen informasjonsformidling om langrennsgruppas aktivitet. Denne er knytta opp mot instagram konto.


Gjennom Instagram kan gruppa raskt kommunisere med medlemsmassen og ålmenta. Her vert det m.a lagt ut informasjon om kva som skjer i langrennsgruppa, i tillegg til korte filmsnuttar og bileter frå våre aktivitetar.



Førde Langrenn FB



Førde langrenn lukka foreldre/utøvergruppe.



Instagram



Vinterstemning på Langeland tross lite snø januar 2025

Trening

Ansvarlege trenarar 2024-2025

- 1.-4. kl. Kristin Syltesæter
Malene Henden-Pedersen
Gunnhild Sande
Jorunn Liv Kleiven
Anita Krakhellen.
- 5.-6. kl.: Kennet Dvergedal
Tonje Bjørset
Asgeir Årdal
- 7. kl. og el: Hovudtrenere: Ole Martin Erdal
Har bidrege ved behov:
Robert Frøysland, Yngve Thorsen, Stian Helle
Frode Lundekvam, Anders Bjørkhaug



Miljø- og familiesamling på Beitostølen er eit viktig sosialt tiltak, også for dei yngste med deira familier, her fra november 2024

Organisering av trening

- Gruppe 13 år og eldre:
 - o Fellestreningar heile året. To fellestreningar pr. veke.
 - o Vår/ sommar / haust: Rulleski, fjellturar, sirkeltrening, roleg langtur beina etc.
 - o Vinter: Skitrening etter timeplan - Langeland.
 - o Utøvarar på impuls-/ krinslag har i tillegg fått tilbod om felles styrketrening på Spenst ein gang i veka frå september t.o.m. desember.
- Gruppe 11-12 år:
 - o Fellestrening frå oktober på rulleski/barmark fram til snøen kjem
- Gruppe 9 – 10 år:

- o Fellestrening frå oktober.
- Gruppe 7 – 8 år:
 - o Fellestrening frå oktober.

Rekruttering

Dei seinare åra har ein registrert nedgang i tal utøvarar på trening. Difor er det svært gledeleg at ein no ser ei auka rekruttering på i dei yngre årgangane. Spesielt ved karusellrenn ser ein auke i deltaking i aldersgruppa opp til 10 år. Mange av desse er ikkje med på fellestrening, men vi har hatt eit stabilt oppmøte på fellestreningane også. Gruppa har aktivt forsøkt rekruttering i dei yngre årsklassane gjennom informasjonsarbeid i grunnskulane om langrennsgruppa sine aktivitetstilbod.

Styret arbeider med konkrete tiltak retta mot vidare rekruttering (meir om dette under).

**FØRDE IDRETTLAG
LANGRENN**

Bli med oss på trening!

Torsdagar
kl 18-19 i
gymsalen på
Sunde skule

LANGRENNSTRENING FOR BORN FRÅ 1. TIL 4. KLASSE

Vi startar etter haustferien: Torsdag 17. oktober!

Meld deg på treninga på:
<https://langrenn.fordeidrettslag.no>
eller du kan melde deg på ved å møte opp på treninga

**FØRDE IDRETTLAG
LANGRENN**

Langrenn = aktiv heile livet

Å trene langrenn er lurt og gøy!
Langrenn og ski kan du nemleg drive med heile livet!

- Du kan gå konkurransar
- Du kan gå på korte og lange turar
- Du kan gå heilt flatt eller bratte bakkar og fjell!

Førde langrenn er registrert i frivilligskontrolleringa til Sunnfjord kommune.

Kva kostar det?
Treningsavgift (1.-4. klasse) kr 950,-

Eit medlemskap gjev fordelar:

- Rabattar på Intersport
- Rabatt på årskort for parkering på Langeland
- Gratis deltaking på skirenn hjå andre idrettslag
- Trening og mykje moro!

Finn ut meir om oss på:
<https://langrenn.fordeidrettslag.no/>

FØRDE LANGRENN

sparebanken søgn og fjordane

Informasjonsskriv som vart delt ut i 1.-4. klassar i Førde (hausten 2024).

Trenarmøter

Hovudtema for desse møta er evaluering av førre sesong og planlegging av ny sesong. Det er ein målsetnad om at SU og styret held dialog med trenergruppa for å løyse utfordringar. Trenarmøta har også vore ein arena der ein arbeider med å få på plass trenarar i dei ulike treningsgruppene, i framkant av ny sesong.

Sportsleg ansvarleg har utanom trenarmøter hatt løpande dialog med hovudtrenar for oppdaterte treningsplanar, og sikre at trenarar er tilstades på kvar trening, spesielt ved eldste gruppa.



Førde IL langrenn med god deltaking på skikrinsen sin samling ved Sognefjellet i juni 2024.

Sportslege tiltak

- **Helse Førde stafetten**, 28. mai 2024 – dugnadsarbeid, samt «open dag» på rulleski der born og unge kunne få prøve rulleski gratis.
- **Premiefest** - Langeland, 9. juni 2024
- **Miljøsamlinger**: Miljøsamlinger er viktige sosiale treff der vi møtast for gode treningsøker og sosial aktivitet. I løpet av hausten vart der arrangert fleire samlinger som var mynta på våre utøvere:
 - o Miljøsamling Langeland skisenter 15. september 2024
 - o Enivest skiskule 11-13 oktober 2024
 - o Miljøsamling Beitostølen 29. november – 1. desember 2024
- **Smørekurs/smørehjelp**: Førde Langrenn tilbyr smørekurs for nybyrjarar og smørehjelp ved lokale skirenn. Begge deler er sjølvstøtt gratis. Smørekurs vart denne sesongen helde i lag med Gaular IL Langrenn i starten av januar, i samband med fellestreningar. Det vart gjennomført sosial samling med kveldsmat under desse treningane. Det har vore tilbod om gratis smørehjelp ved alle karusellrenn, både 2024

og 2025, samt ved Ribberennet og Kalsetrennet. Ein jobber også for å tilby gratis smørehjelp ved sonerenn på Langeland skisenter.

- **Klubbkveld Erdal Sport:** Erdal sport er hovudlevrandør av skiutstyr og sportsklede for Førde IL Langrenn. Som medlem får ein gode rabattar på skiutstyr, men på klubbkvelden får ein rabatt på alt utstyr i butikken, og fleire levrandører er tilstades for å hjelpe medlemmane i val av skiutstyr. Klubbkvelden vart gjennomført onsdag 11 desember.



Førde IL sin Gjørn Tefre er primusmotor for den årvisse Eninvest Skiskule på Langeland. Han har no også fått med ein fast trenerstab med lokale utøvarar.

Arrangement

Vinteren 2023/2024

Ein gunstig kuldeperiode frå slutten av november gjorde at ein fekk starta snøproduksjon tidleg. Fellestreningar på snø kunne starte allereie i veke 48, og etter dette har det vore relativt stabile forhold på Langeland.

I tillegg til rikeleg med kunstsno kom det også noko natursno i desember, men vertypen på Langeland er ustabil, og på nytt viser det seg at ein er avhengig av kunstsno for å sikre stabile trenings- og konkurransetilhøve. Mildveir og nedbør i midten av desember gjorde at Førjulsrennet, første SSF cup renn som opphavelig skulle arrangerast i Hodlekve, vart flytta til Langeland. Det vart til slutt avlyst grunna overvatn i løypene.

Takka vere tidleg produksjon av kunstsno har ein likevel hatt eit godt grunnlag for stabile snøforhold som toler korte perioder med dårleg ver ved Langeland Skisenter, frå begynnelsen av desember og ut sesongen. Ribberennet vart holdt i tett snøveir med utfordrende smøreforhold. Vi hadde gratis smørehjelp for alle, og rennet vart tildelt SSF cup status grunna tidlegare avlysning.

Følgjande arrangement vart avvikla v/ Langeland skisenter sesongen 2023/2024:

- **SSF Cup Ribberennet, 27.12.2023**
- **SSF sprint og distanserenn, 07.01.2024**
- **SSF karusellrenn Friteknikk, 09.01.2024**
- **SSF karusellrenn Klassisk teknikk, 16.01.2024**
- **SSF karusellrenn Klassisk teknikk, 06.02.2024**
- **SSF karusellrenn Lagsmeisterskap Friteknikk, 13.02.2023**
- **SSF langrennscross, 10.02.24**
- **SSF karusellrenn Langrennscross, 12.03.24**
- **SSFkarusellrenn, Lagsmeisterskap Klassisk, 19.03.2024**
- **Veidekke Kalsetrennet, 30.03.2024 50 år!**



Ribberennet 2023 i tett snøver gav utfordringar for festesmurning.

Kalsetrennet 2024 – 50 år!

Kalsetrennet 2024 feiret 50-års jubileum og vart feira med arrangement på sjølvaste påskeaften. Det var nær 50 påmeldte i konkurranseklassa, og bra deltaking i trimklassa også. Påskeveret vart ikkje det beste, men gjennomføring vart særst vellukka, med gode sponsorpremiar frå:

Møbelringen Førde
 Montér Farsund Bygg
 Intersport Førde/Erdal
 Sport
 Scandic Sunnfjord

Din Sport
 Byggmakker Førde
 Tilbords Førde
 Spar Førde

Bilskadesenteret
 Sparebanken S&Fj.
 Spenst Førde
 Sport Outlet

Til og med skifolket synest det er godt at snøen smeltar



FORNØGD UNGDOM: David Amsrud Husa (15), David Engesæter (16) og Othilie Bosdal Thorsen (16). Foto: Einar Lundsør

Sesongen 2023/24 vart ei lang sesong med gjennomføring av Kalsetrennet på sjølvaste påskeaftan. Det kjennes bra når til og med langrennsløparane vert litt lei snøen (bilete frå [firdareportasje](#))

Rulleskirenn hausten 2024

Det vart heldt 3 terminfesta rulleskirenn hausten 2024. Ved rulleskirenna vart det arrangert «open dag» for utprøving av rulleski.

- o Spenst Rulleskirenn – Langeland, 27 august 2024
- o Veidekke Rulleskirenn – Langeland, 14. september 2024
- o Enivest Rulleskirenn – Langeland, 13. oktober 2024



Kudos til små og store som stilte ved rulleskirenn og rulleskirenn hausten 2024 som var ganske våt.

Langrennsgruppa i Førde IL samarbeider med Gaular IL om gjennomføring av skirenn på Langeland. Samarbeidet mellom klubbane er positivt for dei aktive i klubbane, og felles arrangement er hensiktsmessig all den tid ein nyttar Langeland Skisenter i fellesskap.

Vinteren 2024/2025

Vinteren 2024/25 starta noko trøtt med lite snø, og ustabile verforhold i desember. Det var såvidt nok snø til å gjennomføre tradisjonsrike juleintervallar på julaften, men etter dette forsvann all snøen igjen, og Ribberennet 2024 måtte dessverre avlysast. I starten av januar fekk vi ein god kuldeperiode og noko snø, som gav grønt lys for fellestreningar på snø og kunstsnoøproduksjon.

Vi fekk gjennomført karusellrenn 1-4 der det første rennet var i flott vinterver. Med over 160 deltakarar til start, var dette ny deltakarrekord på fleire år. Dette lovar godt for satsinga lokalt. Veret ved dei seinare karusellrenna vart litt meir utfordrande, men framleis hadde vi god deltaking.

I år har veret på Langeland vore spesielt ustabil. Vi ser at vi er heilt avhengige av kunstsnoø for å sikre stabile trenings- og konkurransetilhøve. Takka vere produksjon av kunstsnoø har ein hatt tilgjengelege treningsforhold ved Langeland Skisenter frå begynnelsen av januar og ut februar. Vi har også fått gjennomført skirenn i heile denne perioden, men på grunn av lange perioder med midlver og regn, har ein måtte flytte på skirenn og hatt gode dugnadstimar i skiløypa for å sikre fint føre. Det har ikkje vore mogleg med gjennomføring av langrennscross renn, og med tanke på eit heilt nytt skicross anlegg med lys, har dette vore leit. Kraftig mildver frå slutten av februar, gav ein brå slutt på skisesongen lokalt.

Arrangement vinteren 2024/25 ved Langeland skisenter

- o Ribberennet 2024 – avlyst*
- o SSFkarusellrenn 1, 07.01.2025 (ca 160 påmedte!!!)*
- o SSF Cup, 19.01.2025*
- o SSFkarusellrenn 2, 21.01.2025*
- o SSFkarusellrenn 3, 06.02.2025*
- o SSFkarusellrenn 4, 11.02.2025*
- o SSF Cup sprint 15.02.2024*
- o Veidekke Kalsetrennet 2025 – UTSATT inntil videre*
- o SSFkarusellrenn Lagsmeisterskap Friteknikk 11.02.25 - Utsatt*
- o SSFkarusellrenn, Lagsmeisterskap Klassisk 18.02.25 - ?*



Knappe 2 måneder med gode skiforhold var viktig for gjennomføring av skirenn lokalt. Sparebank1 Sogn og Fjordane har fått ny logo, og er framleis vår viktigste sponsor for at vi kan gje eit sær s bra tilbod til våre barn på Langeland

Rekruttering

Førde Langrenn si satsing på nyrekruttering av barn og unge under 18 år har fokusert på fleire områder over dei siste åra. Ein av barrierane for at born skal begynne med langrenn, og fortsette med langrenn, er i mange tilfelle føresette sin manglande kunnskap om utstyr og smøring av ski, og tilgjengelighet av utstyr.

Førde Langrenn har frå sesongen 2022/23 sett i verk fleire tiltak som skal redusere barrieren for deltaking i langrennsgruppa sine primæraktivitetar. Føremålet er mellom anna å redusere kostnadene med å delta i langrennssporten og skape like føresetnader for alle deltakarane. Følgjande investeringar og tiltak har vore satt i verk over dei siste åra:

- o Investering sesongen 2022/23 i komplett utstyr for preparering av ski for glid og feste. Ustyret er fast lokalisert ved Langeland skisenter, men kan lånast ut ved reise på nasjonale renn etter avtale med styret.
- o Gratis smørehjelp ved karusellrenn og andre lokale renn fra vinteren 2023. Det er etablert eigen smøreteam gruppe som har eit hovudansvar for smørehjelp.
- o Gratis årleg smørekurs frå vinteren 2023/24. Dette vert gjennomført straks snøen er tilgjengeleg og i samband med fellestrening og sosial aktivitet ved Langeland skisenter. Vinteren 2024/25 vart det gjennomført to kurs, i samarbeid med Gaular Langrenn.
- o Sosiale aktivitetar knytt til fellestrening, som kvelds etter trening og liknande. Premiefesten 2025, vil bli heldt i samband med avslutning på treningssesongen 24/25 ved Langeland skisenter.
- o Aktiv publisering av informasjon gjennom sosiale medier.
- o Aktiv rekruttering gjennom skole (ranselpost). Inntrykket vårt er at dette truleg har vore den mest effektive formen for rekruttering i alderen 1-4 klasse.
- o Tilbod om rulleskiaktivitet/rulleskileik for alder 4-6 klasse frå sesongen 23/24. Dette har vore stor interesse for, og videreførast. Ein har også hatt tilbod om prøving av rulleski ved ulike arrangement (Helse Førde stafetten, Bilmesse i Førde)

Prosjektet/ tiltaka vert gjennomført i nært samarbeid med Sparebank 1 Sogn og Fjordane og Gjensidigestiftelsen. Videre utvikling vil fokusere på informasjonsformidling, sosiale aktivitetar for barn og vaksne, utstyr for utlån og fokus på gjenbruk av utstyr. Det nye styret vil arbeide vidare med prosjektet inn i komande styreperiode.





Gratis smørehjelp ved alle skirenn på Langeland er eit populært tilbod.
Det har også vore arrangert to smørekurs for sesongen 2024/25.

Medlemmar

Totalt er det registrert 74 medlemmar via påmeldingssystemet til Førde Langrenn. Det har over dei siste åra vore ein tilbakegang i medlemsmassen, noko som også er ein trend på landsbasis. Vi meiner likevel at påmeldingar i dei yngste klassane er gode, og kanskje syner ei positiv utvikling. Førde IL Langrenn og Gaular Langrenn er dei klubbane i regionen med stabil medlemsmasse. Det er særskild viktig at vi bidreg med sosialt miljø inn mot skikrinsen sine tiltak, slik at ein får til god rekruttering i heile regionen.



Ein ivrig Førde-gjeng på smaling på Beitostølen november 2024. Denne miljøsamlinga har vore ei tradisjon over mange år, og har dei siste åra også inkludert deltaking frå Gaular Langrenn.

Resultat 2024/25

I oversikten under finn ein resultat frå internasjonale- og nasjonale konkurransar med deltaking av utøvarar frå Førde IL sesongen 2024-2025 (per medio mars 2025). For 2023/24 sesongen, var Førde Langrenn representert med to utøvarar i seniorklassen (Gjørøan og Ivar) og 16 utøvere i eldre og yngre junior. For 2024/25 sesongen er der ei reduksjon i utøvergruppa med Gjørøan i seniorklassen og berre 8 utøvere i eldre og yngre junior. Videre har vi hatt 5 deltakarar ved HL og 7 deltakarar ved Ungdommens Holmenkollrenn.

Arrangement	Dato	Utøvar	Klasse	Øving	Resultat
Equinor NC Gålå	29.11.2024	Gjørøan Tefre	M sr.	10km F	Nr. 9
Equinor NC Gålå	29.11.2024	Gjørøan Tefre	M sr.	Sprint	Nr. 24
Scan Cup Lilleh.	13.12.2024	Gjørøan Tefre	M sr.	Sprint K	Nr. 8
Scan Cup Lilleh.	14.12.2024	Gjørøan Tefre	M sr.	20km K	Nr. 8
Scan Cup Lilleh.	15.12.2024	Gjørøan Tefre	M sr.	10km F	Nr. 9
Scan Cup Falun	10.01.2025	Gjørøan Tefre	M sr.	10km F	Nr. 6
Scan Cup Falun	11.01.2025	Gjørøan Tefre	M sr.	Sprint F	Nr. 8
Scan Cup Falun	12.01.2025	Gjørøan Tefre	M sr.	10km K	Nr. 9
NM Vang	16.01.2025	Gjørøan Tefre	M sr.	Sprint F	Nr. 15
NM Vang skiathl.	18.01.2025	Gjørøan Tefre	M sr.	20km K/F	Nr. 46
NC Vind	22.02.2025	Gjørøan Tefre	M sr.	5km F	Nr. 9

Arrangement	Dato	Utøver	Klasse	Øving	Resultat
Gålå	30.11.2024	Aksel Bjørkhaug	Junior	Sprint F	Nr. 94
Gålå	01.12.2024	Aksel Bjørkhaug	M19/20	10km K	Nr. 23
Jr Vm Mønstring	14.12.2024	Aksel Bjørkhaug	Junior	20km K	Nr. 34
Jr VM mønstring	15.12.2025	Aksel Bjørkhaug	Junior	10km F	Nr. 24
NC Molde	10.01.2025	Aksel Bjørkhaug	M19/20	10km F	Nr. 18
NC Molde	11.01.2025	Aksel Bjørkhaug	M19/20	Sprint K	Nr. 127
NC Molde	12.01.2025	Aksel Bjørkhaug	M19/20	15km K	DNF
NC Vind (U23NM)	21.02.2025	Aksel Bjørkhaug	M19/20 (U23NM)	20km K	Nr. 20 (39)
NC Vind (U23NM)	22.01.2025	Aksel Bjørkhaug	M19/20 (U23NM)	5km F	Nr. 21 (43)
Jr. NM Vind	23.01.2025	Aksel Bjørkhaug	M19/20	Sprint F	Nr. 70
Jr. NM Lygna	14.03.2025	Aksel Bjørkhaug	M19/20	20km F	Nr. 44
Jr. NM Lygna	15.03.2025	Aksel Bjørkhaug	M19/20	10km K	Nr. 29

Arrangement	Dato	Utøver	Klasse	Øving	Resultat
NC Molde	11.01.2025	Magnus F. Degnepoll	M19/20	Sprint K	Nr. 135
NC Molde	12.01.2025	Magnus F. Degnepoll	M19/20	15km K	Nr. 130
NC Vind (U23NM)	22.01.2025	Magnus F. Degnepoll	M19/20 (U23NM)	5km F	Nr. 154 (227)
Jr. NM Vind	23.01.2025	Magnus F. Degnepoll	M19/20	Sprint F	Nr. 90

Arrangement	Dato	Utøver	Klasse	Øving	Resultat
NC Molde	10.01.2025	Stian V. Helle	M19/20	10km F	Nr. 82
NC Molde	11.01.2025	Stian V. Helle	M19/20	Sprint K	Nr. 118
NC Molde	12.01.2025	Stian V. Helle	M19/20	15km K	Nr. 103
NC Vind (U23NM)	21.02.2025	Stian V. Helle	M19/20 (U23NM)	20km K	Nr. 77 (124)
NC Vind (U23NM)	22.01.2025	Stian V. Helle	M19/20 (U23NM)	5km F	Nr. 133 (201)
Jr. NM Vind	23.01.2025	Stian V. Helle	M19/20	Sprint F	Nr. 146
Jr. NM Lygna	14.03.2025	Stian V. Helle	M19/20	20km F	DNF
Jr. NM Lygna	15.03.2025	Stian V. Helle	M19/20	10km K	Nr. 125

Arrangement	Dato	Utøver	Klasse	Øving	Resultat
NC Molde	10.01.2025	Guri Line Brekke	K19/20	10km F	Nr. 96
NC Molde	11.01.2025	Guri Line Brekke	K19/20	Sprint K	Nr. 97
NC Molde	12.01.2025	Guri Line Brekke	K19/20	15km K	Nr. 179
NC Vind (U23NM)	21.02.2025	Guri Line Brekke	M19/20 (U23NM)	20km K	Nr. 83 (117)
NC Vind (U23NM)	22.01.2025	Guri Line Brekke	M19/20 (U23NM)	5km F	Nr. 92 (133)
Jr. NM Vind	23.01.2025	Guri Line Brekke	K19/20	Sprint F	Nr. 85
Jr. NM Lygna	14.03.2025	Guri Line Brekke	K19/20	20km F	Nr. 90
Jr. NM Lygna	15.03.2025	Guri Line Brekke	K19/20	10km K	Nr. 95

Arrangement	Dato	Utøvar	Klasse	Øving	Resultat
NC Molde	10.01.2025	Niklas B. Thorsen	M19/20	10km F	Nr. 87
NC Molde	11.01.2025	Niklas B. Thorsen	M19/20	Sprint K	Nr. 121
NC Molde	12.01.2025	Niklas B. Thorsen	M19/20	15km K	Nr. 63
NC Vind (U23NM)	21.02.2025	Niklas B. Thorsen	M19/20 (U23NM)	20km K	Nr. 25 (45)
NC Vind (U23NM)	22.01.2025	Niklas B. Thorsen	M19/20 (U23NM)	5km F	Nr. 77 (123)
Jr. NM Vind	23.01.2025	Niklas B. Thorsen	M19/20	Sprint F	Nr. 131
Jr. NM Lygna	14.03.2025	Niklas B. Thorsen	M19/20	20km F	Nr. 99
Jr. NM Lygna	15.03.2025	Niklas B. Thorsen	M19/20	10km K	Nr. 113

Arrangement	Dato	Utøvar	Klasse	Øving	Resultat
NC Lygna	19.01.2024	Ludvig Rørvik	M18	Sprint F	Nr. 86
NC Vind (U23NM)	21.02.2025	Ludvig Rørvik	M19/20 (U23NM)	20km K	Nr. 119 (177)
NC Vind (U23NM)	22.01.2025	Ludvig Rørvik	M19/20 (U23NM)	5km F	Nr. 79 (127)
Jr. NM Vind	23.01.2025	Ludvig Rørvik	M19/20	Sprint F	Nr. 97
Jr. NM Lygna	14.03.2025	Ludvig Rørvik	M19/20	20km F	Nr. 30
Jr. NM Lygna	15.03.2025	Ludvig Rørvik	M19/20	10km K	Nr. 46

Arrangement	Dato	Utøvar	Klasse	Øving	Resultat
NC Molde	10.01.2025	Jenny Bjørkhaug	K18	10km F	Nr. 35
NC Molde	11.01.2025	Jenny Bjørkhaug	K18	Sprint K	Nr. 23
NC Molde	12.01.2025	Jenny Bjørkhaug	K18	15km K	Nr. 11
NC Vind	21.02.2025	Jenny Bjørkhaug	K18	3,75km K	Nr. 23
NC Vind	22.01.2025	Jenny Bjørkhaug	K18	Sprint F	Nr. 21
Jr. NM Vind	23.01.2025	Jenny Bjørkhaug	K18	7,5km F	Nr. 14
Jr. NM Lygna	14.03.2025	Jenny Bjørkhaug	K18	20km F	Nr. 15
Jr. NM Lygna	15.03.2025	Jenny Bjørkhaug	K18	10km K	Nr. 18

Arrangement	Dato	Utøvar	Klasse	Øving	Resultat
Sammenlagt resultater skiskyting 2024/25	Pr 19.03.2025	Ingeborg Rørvik	K18		Nr. 5



Othilie B. Thorsen og David Engeseter er begge første års juniorar med solide prestasjonar i respektive klassar. Dei hevdar seg blant topp 20 nasjonalt samanlagt denne sesongen.

Arrangement	Dato	Utøvar	Klasse	Øving	Resultat
NC Molde	10.01.2025	David Engeseter	M17	10km F	Nr. 29
NC Molde	11.01.2025	David Engeseter	M17	Sprint K	Nr. 17
NC Molde	12.01.2025	David Engeseter	M17	15km K	Nr. 13
NC Vind	21.02.2025	David Engeseter	M17	3,75km K	Nr. 12
NC Vind	22.01.2025	David Engeseter	M17	Sprint F	Nr. 9
Jr. NM Vind	23.01.2025	David Engeseter	M17	7,5km F	Nr. 14
Jr. NM Lygna	14.03.2025	David Engeseter	M17	20km F	Nr. 56
Jr. NM Lygna	15.03.2025	David Engeseter	M17	10km K	Nr. 11

Arrangement	Dato	Utøvar	Klasse	Øving	Resultat
NC Molde	10.01.2025	Othilie B. Thorsen	K17	10km F	Nr. 44
NC Molde	11.01.2025	Othilie B. Thorsen	K17	Sprint K	Nr. 24
NC Molde	12.01.2025	Othilie B. Thorsen	K17	15km K	Nr. 19
NC Vind	21.02.2025	Othilie B. Thorsen	K17	3,75km K	Nr. 22
Jr. NM Vind	22.01.2025	Othilie B. Thorsen	K17	Sprint F	Nr. 12
NC Vind	23.01.2025	Othilie B. Thorsen	K17	10km F	Nr. 6
Jr. NM Lygna	14.03.2025	Othilie B. Thorsen	K17	20km F	Nr. 33
Jr. NM Lygna	15.03.2025	Othilie B. Thorsen	K17	10km K	Nr. 22

Arrangement	Dato	Utøvar	Klasse	Øving	Resultat
HL Skiskyting	14.02.2025	Ida Frøysland	J16	Cross	Nr. 2
HL skiskyting	15.02.2025	Ida Frøysland	J16	Normal	Nr. 7
HL Holmenk	07.02.2025	Ida Frøysland	J16	5km K	Nr. 42
HL Holmenk	08.02.2025	Ida Frøysland	J16	Sprint F	Nr. 25
HL Holmenk	09.02.2025	Ida Frøysland	J16	Cross	Nr. 8

Ida Frøysland leder sammenlagt BAMA YoungStar region Vest skiskyting.

Arrangement	Dato	Utøvar	Klasse	Øving	Resultat
HL Holmenk	07.02.2025	Andreas Lundekvam	G16	7,5km K	Nr. 89
HL Holmenk	08.02.2025	Andreas Lundekvam	G16	Sprint F	Nr. 38
HL Holmenk	09.02.2025	Andreas Lundekvam	G16	Cross	Nr. 12

Arrangement	Dato	Utøvar	Klasse	Øving	Resultat
HL Holmenk	07.02.2025	David Husa	G16	7,5km K	Nr. 9
HL Holmenk	08.02.2025	David Husa	G16	Sprint F	Nr. 26
HL Holmenk	09.02.2025	David Husa	G16	Cross	Nr. 12

Arrangement	Dato	Utøvar	Klasse	Øving	Resultat
HL Holmenk	07.02.2025	Even Bjørkhaug	G16	7,5km K	Nr. 114
HL Holmenk	08.02.2025	Even Bjørkhaug	G16	Sprint F	Nr. 148
HL Holmenk	09.02.2025	Even Bjørkhaug	G16	Cross	Nr. 133

Arrangement	Dato	Utøvar	Klasse	Øving	Resultat
HL Holmenk	07.02.2025	Elisa H. Mikalsen	J15	5km K	Nr. 46
HL Holmenk	08.02.2025	Elisa H. Mikalsen	J15	Sprint F	Nr. 67
HL Holmenk	09.02.2025	Elisa H. Mikalsen	J15	Cross	DNS

Arrangement	Dato	Utøvar	Klasse	Øving	Resultat
HL Holmenk	07.02.2025	Adam Kusslid	G15	5k K	Nr. 82
HL Holmenk	08.02.2025	Adam Kusslid	G15	Sprint F	Nr. 133
HL Holmenk	09.02.2025	Adam Kusslid	G15	Cross	Nr. 131

Arrangement	Dato	Utøvar	Klasse	Øving	Resultat
Ungd. Holmenkollrenn	01.02.2025	Ann Kristin Kusslid	J14	3km K	Nr. 33
Ungd. Holmenkollrenn	02.02.2025	Ann Kristin Kusslid	J14	3km F	Nr. 43

Arrangement	Dato	Utøvar	Klasse	Øving	Resultat
Ungd. Holmenkollrenn	01.02.2025	Ada K. A. Husa	J13	3km K	Nr. 71
Ungd. Holmenkollrenn	02.02.2025	Ada K. A. Husa	J13	3km F	Nr. 102

Arrangement	Dato	Utøvar	Klasse	Øving	Resultat
Ungd. Holmenkollrenn	01.02.2025	Tuva B. Hirth	J13	3km K	Nr. 75
Ungd. Holmenkollrenn	02.02.2025	Tuva B. Hirth	J13	3km F	Nr. 87

Arrangement	Dato	Utøvar	Klasse	Øving	Resultat
Ungd. Holmenkollrenn	01.02.2025	Ingrid L. Årdal	J13	3km K	Nr. 94
Ungd. Holmenkollrenn	02.02.2025	Ingrid L. Årdal	J13	3km F	Nr. 89

Arrangement	Dato	Utøvar	Klasse	Øving	Resultat
Ungd. Holmenkollrenn	01.02.2025	Synne L. Optun	J13	3km K	Nr. 128
Ungd. Holmenkollrenn	02.02.2025	Synne L. Optun	J13	3km F	Nr. 137

Arrangement	Dato	Utøvar	Klasse	Øving	Resultat
Ungd. Holmenkollrenn	01.02.2025	Mathias S-Karlsen	G13	3km K	Nr. 127
Ungd. Holmenkollrenn	02.02.2025	Mathias S-Karlsen	G13	3km F	Nr. 105

Arrangement	Dato	Utøvar	Klasse	Øving	Resultat
Ungd. Holmenkollrenn	01.02.2025	Nikolai H-Pedersen	G13	3km K	Nr. 150
Ungd. Holmenkollrenn	02.02.2025	Nikolai H-Pedersen	G13	3km F	Nr. 153



Andreas (fremme) og David (bak) (f.2009) på Hovedlandsrennet i Holmenkollen 2025.
Begge har gode reusltater både frå HL 2024 og HL 2025.

Kong Haralds Ungdomsstafett

Både i 2023 og i 2024 består Sogn & Fjordane Skikrins sitt lag ved Kong Haralds Ungdomsstafett kun av utøvere frå Førde IL Langrenn. Dette vitner om stabil deltaking ved krinsrenn og gjennomsnittleg høgt nivå. I 2025 var 3 av 4 utøvere frå Førde Langrenn.

2023 lag fekk ein 21. plass totalt av 28 lag:

- Othilie B. Thorsen, 1. etappe
- David Engesæter, 2. etappe
- Jenny Bjørkhaug, 3. etappe
- Steffen Vårdal Helle, 4. etappe

Sjå opptak av TV-sendinga her: <https://tv.nrk.no/serie/langrenn/202303/MSPO40217023>

2024 lag fekk ein solid 11. plass av 27 lag

- Ida Frøysland, 1. etappe
- David Husa, 2. etappe
- Othilie B. Thorsen, 3. etappe
- David Engesæter, 4. etappe

Sjå opptak av TV-sendinga her:

<https://play.tv2.no/sport/vintersport/langrenn/kong-haralds-ungdomsstafett/kong-haralds-ungdomsstafett-2024-kong-haralds-ungdomsstafett-1941563.html>

I 2025 var 3 av 4 utøvere frå Førde Langrenn. Vi fekk ein fin 20. plass i år av 22 lag

- Elisa Hegrenes Mikalsen, 1. etappe
- Adam Kusslid, 2. etappe
- Ingrid Brenne (Sogndal), 3. etappe
- David Husa, 4. etappe

Sjå opptak av TV-sendinga her:

<https://tv.nrk.no/serie/langrenn/sesong/2025/episode/MSPO30659025>

Representasjon

Førde IL Langrenn har følgjande representasjon på region- og krinslag 2024-2025:

- Gjøran Tefre, Team Aker Dæhlie
- Aksel Bjørkhaug, Team Olympiapark
- Magnus Degnepoll, Team Swenor
- Guri Line Brekke, krinslag
- Stian Vårdal Helle, krinslag
- David Amsrud Husa, krinslag impuls
- Andreas Otternes Lundekvam, krinslag impuls
- Ida Frøysland, krinslag impuls
- Adam Kusslid, krinslag impuls
- Elisa Hegrenes, krinslag impuls

Førde IL Langrenn har totalt 6 utøvere som går VGS på toppidrettsgymnas på Hovden, Geilo og Lillehammer. Klubben har over tid hatt gode stønadsordningar for representasjon av klubben både ved region/krinslag og toppidrettsgymnas.



Magnus (tv) og Aksel (th) er siste års eldre juniørløparar som har signalisert at dei vil satse inn mot senior. Begge går for regionslag, respektive Team Swenor og Team Olympiaparken

Bekledning

Førde IL Langrenn har til sesongen 2024-2025 vidareført samarbeidsavtalen med Trimtex. I samband med avtalen er det utarbeida kolleksjon for klubbekledning. Utøvarar og andre kan bestille kleda via Trimtex sin nettbutikk (webshop).



Kioskdrift

Kafeen skulle etter dugnadsplanen vere open kvar søndag, i tillegg til karusellrenn og renn i helg. Dette innebar 15 lørdag/søndager, samt 6 karusellrenn på tirsdager. Pga manglande snøforhold, har kafeen kun holdt ope frå 5.januar til og med 16.februar, som inneber opning kun totalt 8 lørdag/søndager og 4 karusellrenn. Det har difor vore betydeleg mindre aktivitet i kafeen i år. Langrennsgruppa arrangerte kveldsmat på den første skitreninga på Langeland for sesongen.

Økonomi

Langrennsgruppa har over ei årrekke hatt ein stabil økonomi, men for senere år har der vært en periode med negative resultater:

- For 2022 vart det eit årsresultat på kr – 66 638,-. Eit negativt avvik på kr. 32 639,- i høve til budsjett.
- For 2023 har det negative avviket vore markert høgare. Dette skuldast fleire forhold, der ein ser både ein negativ trend på medlemsmassen over tid, samt markert høgare utgifter til reiser og representasjonsutgifter for juniorar. Samstundes har langrennsgruppa gjennomført eit stort investeringstiltak retta mot rekruttering på utøversida og trenersida.

For 2024 syner resultatet eit rekneskap i nær balanse. Dette skuldast nok markert lågare utgifter knytt til refusjonar for juniorutøvere, samt ei nøktern haldning vedk innkjøp av utstyr og premiar, samstundes som det har vore ei generelt god utvikling i medlemsmassane blandt dei yngste utøverene.

Samtidig som at resultatet vert meir positivt enn forventa, er det med bekymring ein ser ein vesentleg reduksjon av aktive juniorutøvere. Førde Langrenn ønskjer å skape skiglede for heile livet, og også beholde utøvere gjennom rekrutt og juniorperioden. viktige rekrutteringsområder der jobbast vidare med er sosiale arenaer for alle aldersklasser, og eit godt aktivitets og treningstilbod frå 1 klasse og oppover.

Resultatrapport

FØRDE IL LANGRENN
931387162

Regnskapsår: 01.01.2024 - 31.12.2024

Gjelder periode: 01.01.2024 - 31.12.2024

	Periode	Akkumulert
Driftsinntekter		
3023 Sponsorinntekt, avgiftspliktig	108 500,00	108 500,00
3024 Sponsorinntekter - Eninvest skiskule	105 000,00	105 000,00
3100 Salgsinntekter, avgiftsfri	18 180,00	18 180,00
3205 Kiosksal under arrangement	27 961,14	27 961,14
3206 Kiosksal	14 595,60	14 595,60
3249 Startpengar karusellrenn	21 770,54	21 770,54
3250 Startpengar	11 762,15	11 762,15
3251 Brikkeleige og arrangørhjelp	10 000,00	10 000,00
3252 Startpengar Kalsetrennet	22 235,17	22 235,17
3301 Momskompensasjon frå Førde IL	62 476,82	62 476,82
3400 Spesielle offentlege tilskot	10 000,00	10 000,00
3401 Tilskot frå Førde IL	74 971,00	74 971,00
3403 Tilskot frå private	100 000,00	100 000,00
3930 Treningsavgifter	22 870,06	22 870,06
3931 Miljesamling	13 550,00	13 550,00
3932 Deltakaravgift	18 600,00	18 600,00
	642 472,48	642 472,48
Driftskostnader		
4400 Innkjøp til kiosk	-10 281,49	-10 281,49
5330 Godtgjersler til styremedlemer og trenarar	-122 750,00	-122 750,00
5990 Annen personalkostnad	-1 500,00	-1 500,00
6010 Avskrivningar	-18 672,13	-18 672,13
6300 Leige lokale	-19 749,76	-19 749,76
6490 Annan leigekostnad	-6 250,00	-6 250,00
6545 Datautstyr	-311,75	-311,75
6591 Premiar	-14 541,19	-14 541,19
6700 Revisjons- og rekneskapshonorar	-36 500,00	-36 500,00
6730 Trenarutgifter	-53 895,52	-53 895,52
6810 Datakostnad	-11 478,30	-11 478,30
6860 Møte, kurs, oppdatering etc.	-9 242,20	-9 242,20
6861 Startkontingentar	-57 128,04	-57 128,04
6891 Andre kostnader	-5 475,72	-5 475,72
7141 Reisekostnader, refusjonar	-88 850,00	-88 850,00
7162 Bevertning	-600,00	-600,00
7320 Reklamekostnader	-8 524,48	-8 524,48
7395 Øreavrunding	0,70	0,70
7410 Kontingent	-6 500,00	-6 500,00
7411 Refusjon krinslagskontingent	-178 070,00	-178 070,00
7430 Gåver	-3 720,50	-3 720,50
7600 Lisensavgifter og royalties	-1 666,25	-1 666,25
7777 Bankgebyr	-165,00	-165,00
	-655 871,63	-655 871,63
Driftsresultat	-13 399,15	-13 399,15
Finansielle poster		
8040 Renteinntekter	9 664,00	9 664,00
Ordinært resultat før skatt	-3 735,15	-3 735,15
Ordinært resultat	-3 735,15	-3 735,15
Årsresultat	-3 735,15	-3 735,15
Overføringer		
8960 Overføring annan eigenkapital	3 735,15	3 735,15

Framlegg til budsjett 2025:

25

Oppsummering

Det er bra engasjement i arbeidet rundt langrennsgruppa i Førde IL, og dugnaden knytt til vår organisasjon er den viktigaste ressursen i langrennsmiljøet i Førde. Dugnadsånd er utan tvil grunnpilaren i vårt miljø. Det er difor svært viktig at sosial aktivitet og dugnadsånd i langrennsgruppa vert teke vare på i framtida. Dugnad og sosial aktivitet gjev fellesskap, og det er viktig at arbeidet vert opplevd som frivillig, sosialt og morosamt, og at foreldre og utøvere føler dei får noko igjen for si innsats.

Aktiviteten til langrennsgruppa krev eit stort apparat, både i forhold til trening, arrangement og generell drift. Karusellrenn krev ein dugnadsstab på vel 20 personar, medan SSF Cup/krinsrenn krev om lag 30 personar pr. arrangement. I tillegg kjem planlegging, førebuing og administrative oppgåver knytt til arrangementa. Arrangementa er også ei viktig inntektskjelde for laget.

Samarbeid med Gaular Langrenn har vore særskild viktig for arrangementsutvikling og fellesskap under arrangement. Siste åra har vi hatt eit større fellesskap rundt miljosamlingar og reise i forbindelse med nasjonale renn (spesielt Ungdommens Holmenkollrenn). Det er drøfta treningsfellesskap bland dei eldre utøverene (frå 12-13 års alder og oppvover. Ein har også nyleg hatt møte med Førde Skiskyting som bygger nytt tilbod i regionen. Ein er samde om at det bør være eit nært samarbeid rundt treningar på ski og barmark. Det har førebels ikkje vore aktuelt å knytte organisatoriske/administrative bånd.

Rulleskianlegget på Langeland gjev langrennsgruppa gode føresetnader for trening og aktivitet på lukka/ sikra område. Dette anlegget er svært positivt for gruppa og våre utøvarar i barmarkssesongen. Lokalt gjev dette langrennsgruppa gode føresetnader i høve treningstilbod og rekruttering. Dei siste åra har ein i større grad enn tidlegare nytta rulleskianlegget til fellestreningar og arrangement gjennom heile året, ikkje berre vinter. Det er viktig at ein har fokus på Langeland Ski og Fritidssenter som eit heilårsanlegg, og skapar miljø her i fellesskap med Gaular IL.



Kvelds på treningar har vore eit kjektsosialt samlingspunkt

At Langeland Skisenter har ei god drift av snøproduksjonsanlegget er vesentleg viktig for å sikre gode stabile snøtilhøve på Langeland. Snøproduksjonsanlegget er eit godt døme på den dugnadsbaserte drifta som er utgangspunktet for det aller meste av aktivitet i gruppa. Når det gjeld snøproduksjonen vert denne utført i regi av Langeland Skisenter, i samarbeid med Førde IL og Gaular IL.

Sportsleg er det Gjørn Tefre som hevdar seg i tetbilde nasjonalt og internasjonalt, og ekstra stas vart det når han feirast som norgesmeister. Det er svært kjekt å sjå at det gror godt med unge lovande langrennsløparar frå Førde IL. Resultatstatistikken for dei siste 3 åra viser at fleire utøvarar frå Førde IL hevdar seg godt nasjonalt i aldersbestemte klassar og på junior- og rekruttsida. Fleire av dei eldste juniorane ønskjer nå også å satse inn mot senior. Dette vil ha positiv effekt på rekruttering blandt dei yngre.

Når det gjeld rekruttering til langrennsgruppa har ein over dei siste åra hatt grunn til bekymring, likevel ser ein ei auke i tal born som deltek på trening i dei yngre årsklassane. Dette skyldast gode trenarar og eit planmessig arbeid frå styret si side.

Til slutt rettar styret ei stor takk til våre samarbeidspartnarar og sponsorar som i stor grad gjer det mogleg for Førde IL Langrenn å legge til rette for gode aktivitetstilbod.

Nyttar også høve til å takke styret i Langeland Skisenter for godt samarbeid og felles innsats til beste for langrennssporten i området vårt.

Viktige sponsorar og samarbeidspartnere:



Førde, 20.03.2025

Anders Bjørkhaug
Førde IL Langrenn

Styreleiar